

VIL DU VERE MED PÅ
**Å FORME DEN NYE
KOMMUNEN DIN?**



VÅGSØY
KOMMUNE

Vågsøy kommune er saman med andre kommuner i Nordfjord i gang med å greie ut mulig ny kommunestruktur.

Våren 2016

skal alle Nordfjord-kommunane gjere vedtak om framtidens kommunestruktur

Våren 2017

gjer Stortinget endeleg vedtak om ny kommunestruktur i heile landet



Kvifor kommunereform?

Samfunnet vårt endrar seg raskare enn nokon gong. Vi må sjå på korleis vi kan løyse alle oppgåvene som ligg framfor oss. Målet med ei samanslåing er betre tenester til innbyggjarane, ei meir effektiv forvaltning og eit sterkare lokaldemokrati. Kommunane skal bestemme meir enn før.



Kommunehistorie

1837: Kommune-Noreg vart «fødd» gjennom innføringa av Formannskapslovene. Frå 1837 til 1910 var Selje og Vågsøy ein kommune, med Selje som kyrkjestad og administrasjonssenter. Etter sterke lokale ynskje, vart så kommunane Sør- og Nord-Vågsøy skilde ut frå Selje kommune. Måløy var administrasjonssenter i Sør-Vågsøy og Raudeberg i Nord-Vågsøy.

1880-åra: Dei fyste politiske partia vart skipa – Heilt fram på 1990-talet var kommunepolitikken i Vågsøy prega av eit uvanleg stort tal bygdelister utan partipolitisk tilknytning.

1930: Talet på kommuner i Noreg nådde sitt høgaste: 744

1950- og 60-talet: Sterk endring av kommunikasjonsmønsteret. Nye vegar vart bygd, bilen vart allemannseige, det vart oppretta bussruter og fergesamband og transport vart flytta frå sjø til veg. Nårig skule vart innført og sette større krav til kommunene. Dette førte til den så langt siste store kommunereformen i Noreg: Talet kommuner vart redusert frå 744 i 1957 til 454 i 1967.

Ved kommunereguleringa (Schei-komiteen) 1965, vart Sør- og Nord-Vågsøy kommunar slegne saman, med Måløy som administrasjonssenter. I nord fekk Vågsøy kommune tillagt bygdene Sørpollen, Osmundsvåg og Silda frå Selje kommune. På fastlandet i aust fekk Vågsøy bygdene t.o.m. Bryggja/Maurstad frå den nedlagde Davik kommune, og dessutan øyane i Fåfjorden: Husevågøy og Gangsøy

2015: Det har skjedd ein sterk auke i kommunane sitt ansvarsområde sidan 1960-talet. Kommunene skal mellom anna sørge for SFO og barnehagar.

Grunnskulen er utvida og kommunen har overtatt ansvaret for mange helse-, pleie- og omsorgstenester som staten hadde ansvar for tidlegare. I Nordfjord har vi stadig fleire interkommunale samarbeid for ulike tenester. Kommunikasjonane er også kraftig utbygd og endra. Mange fleire bur i ei kommune og arbeider i ei anna. Ny teknologi gjer at mange tenester som før krevde fysisk fram møte, no blir handterte pr. telefon og internett.

Eit blikk inn i framtida

Stortinget sa i 2014 ja til ei kommunereform. Det kan bety færre kommuner i Noreg. I 2016 skal kommunane gjere vedtak om eventuelle kommunesamanslåingar. Stortinget vedtek den nye kommunestrukturen i 2017.

I 2060 vil kvar femte person i Noreg vere over 70 år, og kvar tiande person vil vere 80 år eller eldre. Det er dobbelt så mange eldre som i dag. Det betyr at det blir færre yrkesaktive til å ta seg av dei.

Spørsmål som vi bør stille oss:

- Har vi stor nok befolkning og ressursar til å følgje opp alle krav som kjem?
- Har kommunen min nok kompetanse til å tilfredsstille alt?
- Er dagens kommunegrenser til hinder for utvikling av nye næringar og arbeidsplassar?
- Vil kommunane i Nordfjord klare seg best aleine eller i større einingar?
- Får ditt nærmiljø mindre å seie i ein større kommune?

Du skal med!

Dei sju Nordfjordkommunane har starta opp arbeidet med regjeringa si kommunereform. Vågsøy kommune er med i ein utgreiingsprosess:

- **Eit midtre/ytre Nordfjord alternativ med Eid, Vågsøy, Selje – der det også er opning for å ta med Vanylven og/eller Bremanger.**

Denne modellen skal målast opp i mot det vi kan kalle eit «null-alternativ». At Vågsøy kommune held fram som i dag.

Vi vil gjerne vite meir om kva du meiner om kommunereforma. Denne informasjonsbrosjyra går ut til alle husstandar, og er eit fyrste steg i dialogen med deg som er innbyggjar i Vågsøy kommune. Det vil også bli gjort ei innbyggjarkartlegging pr telefon i august, og vi vil arrangere opne møte der folk kan seie si mening og få svar på spørsmål. Du finn også informasjon om kommunereformen på Vågsøy kommune si nettside, der «Kommunereformen» har si eiga temaside og informasjon vil bli lagt ut fortløpande.



Fordelar og ulemper

Ingen reformer har berre fordelar. Større og betre fagmiljø, meir samordna arealbruk, meir slagkraft for næringsutvikling og nyskaping og større gjennomslagskraft kan vere typiske fordelar. Ulemper kan vere at reisevegen til kommunesentra kan bli for lang, det blir færre folkevalde per innbyggjar, nokre får ny arbeidsstad og rådhuset får kanskje eit anna innhald enn det vi er vande med.




Kva betyr egentleg kommunegrensa?

Kommunegrenser og kommunestruktur handlar om lokaldemokrati. Om tenester som eldreomsorg, skule, barnehage, vegar og kultur – alle godene ved å bu i eit velferdssamfunn. Å høyre til ein stad handlar kanskje ikkje først og fremst om kvar kommunegrensene går, men kven du kjenner fellesskap med.

Kva kommuner ønsker du å slå saman?

Her kan du teste ulike alternativ: www.nykommune.no



2014

Juni 2014
Stortinget behandlar kommunereforma

2015

Juni 2015
Stortinget behandlar *Melding om nye oppgåver*

2016

Våren 2016
Kommunestyret behandlar og fattar reformvedtak

2017

Juni 2017
Stortinget vedtek ny kommunestruktur med nye oppgåver

Milepælar

Målet for arbeidet fram mot kommunereforma er å lage eit godt grunnlag for avgjerd i kommunestyret. Prosessen skal bidra til å gje kommunane auka innsikt i spørsmålet om framtidig kommunestruktur, og skal gjennomførast med openheit og god informasjon. Arbeidet starta opp hausten 2014 og skal avsluttast 2016.

I løpet av hausten 2015 og våren 2016 vil du som innbyggjar bli høyrst og involvert.

Følg med på Vågsøy kommune si heimeside og facebookside.



VÅGSØY
KOMMUNE

Med helsing,

Morten Andreas Hagen – ordfører i Vågsøy

Knut Ove Leite – rådmann i Vågsøy

vagsoy.kommune.no

facebook.com/Vagsoykommune

